

Allsong + Kafè Tiaren = suksess.

28.02.2017



Folksamt på Kafè Tiaren i dag. Frå første allsongøkta.

Allsongstundene på Kafè Tiaren siste tysdagen i månaden er blitt ein suksess. I dag var det ikkje berre eitt fullt hus, men to fulle hus, og det måtte to allsongøkte til. Då Kristian Bringedal og Svein Rimestad drog i gang songen, vart det fullt ved borda i Gamleskulen, og då dei avslutta ein halv time seinare fyltest lokalet med nye gjester.



Mange kosa seg i allsongen som Kristian Bringedal og Svein Rimestad leia.

Storparten av gjestene i den andre omgangen kom med buss frå Husnes for å få med seg kafèbesøket. Nokre gjorde då plass til dei nyankomne, medan andre vart verande. Medan gjestene handla seg kaffi og noko å bita i, tok Bringedal og Rimestad ein liten pause før dei gjorde klar til ny songøkt.

Det var kjende og gode allsongar som Ijoma i Gamleskulen også denne tysdagen. Folkekjære Johannes Kleppevik var sentral, og både **Per vil du danse** og **Vårvisen i naustet** skapte god stemning i lokalet. **Hurtigrutesongen** hørde med også denne gongen. Like eins **Nidelven** og **Hjem, hjem langt mot nord**.

Det vert ein travel dag på Kristian Bringedal og Svein Rimestad. I ettermiddag har dei innslag på **Syng med oss** på Rosendalstunet. I tillegg til songen vil Kristian fortelja om møtet med sjømannsprest Arne O. Øystese då han var på Grand Canaria nyleg. Øystese er også kjend for å ha program på aldersinstitusjonar i Kvinnherad. Før kvar jul har han i ein del år hatt program på Ølve alderpensjonat saman med Torstein Løning, velkjend kar som dansemusikar og dansar her i bygdene.

Reidar Myklebust pleier også å vera fast inventar på desse allsongstundene. I dag var han forhindra då han for tida er opptatt med innspeling av ein undervisningsfilm ved Universitetet i Bergen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland